

ABO

v/ Sarah
sarah@abo-ark.no


DERES REF: | VÅR REF:
DOKUMENTKODE: 10218985
TILGJENGELIGHET: Open

Stord, 25. mars 2022

INNSPEL TIL REGULERINGSPLAN INDUSTRIOMRÅDE SERKLAU I MOSTERHAMN, GNR. 20, BNR. 12, 79 M.FL. PLANID 202108

Multiconsult Norge vil på vegne av Bremnes Seashore AS kome med innspel til detaljplan for industriområde Serklau.

Innspelsområdet



Figur 1. Innspelsområdet markert i raudt med avstandar til land.


Bremnes Seashore har sin hovudbase for vedlikehald av teknisk utstyr ved Serklau. Her finn ein opplag av ringer/merdar/stålbur frå akvakulturanlegg. Opplagsområdet har Bremnes nytta i mange år og lokasjonen ved Serklau er sentralt for Bremnes Seashore sine anlegg i Sunnhordland.

Ei mellombels lagring og omorganisering av utstyr/anlegg sentralt i regionen gir ein kostnad- og ressurssparande effekt. Det er heile tida utskifting av typar anlegg og vidarenytting ved andre anlegg etter

ein brakkleggingsperiode. På grunn av utstyret si vekt og storleik må anlegga liggja i sjø, og det er lite hensiktsmessig å dra utstyret opp på land. Utan eigna lagringsareal i sjø må Bremnes Seashore demolera utstyr som kunne vore brukt vidare.

Lagringsarealet i sjø er på ca. 16.700 m² stort og vil i varierende grad innehalde utstyr.

Planstatus



Figur 2. Kommuneplan med opplagsområdet markert som punkt.

Innspelsområdet ligg i dag i arealføremål hamn i kommuneplan for Bømlo 2013-2025 med bandleggingssone med krav om reguleringsplan (Figur 2).

Ettersom det no er satt i gang eit planinitiativ for utviding av industriområdet ved Serklau er det naturleg for Bremnes å komme med innspel for sitt opplagsområdet.

I planprogrammet står det at planen er få sjøtilknytte næringsareal som er ledige for nye verksemder i kommunen. Vidareutvikling av Serklau vil bidra til nytt tilgjengeleg areal for marine/maritime næringsverksemder. Me vurderer at innspelet harmonerer med planføremålet der ein tilretteleggjar for marin industri.

Arealføremål

Ettersom det drivast næring med opplag av akvakulturanlegg i sjø ønskjer me at opplagsområdet får eit arealføremål eller ei omsynssone som tar i vare Bremnes Seashore sine interesser i området. Bremens Seashore ynskjer vera delaktig i føringane som blir gitt på området, og håper plankonsulet vil ta kontakt når ein er komme så langt i planprosessen.

Aktuelle KU-tema

Ein kort sjekka i digitale basar gir denne status for innspelsområdet.

Rundt opplagsområdet er det ikkje registrert artar av forvalningsinteresse verken i sjø eller på land. Sør for området er det registrert myr og kystlynghei frå middels til låg kvalitet. Me sidan området ligg i sjø og med god avstand til land, kan ein ikkje påverka desse naturtypane.

Det er ikkje registrert kulturminna i eller i nærleik av innspelsområdet.

Nord for innspelsområdet er det registrert farlei og ankringsområde. Opplaget vil ikkje påverka desse ettersom ein her ligg nærrare land, og ikkje ligg i vegen for båttrafikk/farlei.

Ettersom opplagsområdet er plassert i sjø vil naturfararar som skred og flaum vere irrelevant.

Med venleg helsing

Multiconsult Norge